



- Kom til oss i Myro, seier (frå venstre) Marit Moberg, Elisabeth Haugland og Anita Simensen. Marit og Elisabeth er sjukepleiarar medan Anita er vikar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som dei andre sonene innan pleie og omsorg i Kvinnherad treng også Uskedalsgruppa sommarvikarar og dei tre sjukepleiarane i gruppa kjem med ei sterk oppmoding til interesserte om å melda seg til teneste.

Ikkje berre treng dei fleire sommarvikarar, men også vikarar utanom ferien.

Vikarbehovet ser ut til å vera ekstra stort i år i heile kommunen uten at ein veit grunnen.

Uskedalsgruppa er ein del av Rosendalsona. Leiar er Eva Berntsen og dei to andre sjukepleiarane er Marit Sjøvangen Moberg og Elisabeth Haugland.

- Mange av dei som søker, ønskjer berre å jobba deler av sommarferien og dermed kan det bli problematisk å skaffa folk i siste del av den. Dei som har reduserte stillingar er oppmoda om å jobba meir, opplyser gruppeleiinga.

- Kva kan så gruppa lokka med?

- Her i Myro, der vi har basen vår i nummer 16, er det godt å vera. Alle er nok ikkje klare over at dette er ein arbeidsplass med 22 ansatte. Vi har eit friskt og godt arbeidsmiljø der vi trivs med jobben og kvarandre. Tenesta er tredelt: Det eine er å jobba for psykisk utviklingshemma, som har ulike behov.

Vi treng også vikarar til praktisk hjelp i heimen. Førre har vi ingen og brukarar kan risikera å stå utan denne tenesta i sommar.

Innan heimesjukepleie treng vi også vikarar, særleg i siste del av perioden.

Turnusen inneber både dag- og kveldsarbeid og kvilande nattevakt.

- Vi lover å ta godt i mot dei som melder seg, seier Eva, Marit og Elisabeth.

Interesserte kan melde seg til Rosendalsona eller direkte til 53 46 18 95.

Av Ola Matti Mathisen